



# Pressemelding

## STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Frøy Kannert  
Informasjonssjef Øivind Østang  
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 24 40 06  
Telefon ktr.: 22 24 40 37  
Telefaks: 22 24 95 00

Telefon priv. : 22 55 83 84  
Telefon priv. : 22 22 28 01

**SPERREFRIST: Ingen**

**DATO: 22. august 1997**

**NR: 94/97**

### PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Måndag 25. august er statsministeren på Hønefoss og i Bergen. Kl. 09.00 kjem han til Høgskolen i Buskerud, der han innleier til debatt med studentar og tilsette. Kl. 10.05 kjem han til Statens Kartverk, til møte med dei tilsette og leiinga. Kl. 11.15 vitjar han Austjord rehabiliteringssenter, der han møter pasientar og tilsette. Kl. 18.00 deltek statsministeren i debattmøte i Grieghallen i Bergen, med Høgre sin leiar Jan Petersen.

Tysdag 26. august er statsministeren i Telemark. Kl. 10.30 kjem han til Porsgrunn vidaregåande skule, der han møter elevar og lærarar. Kl. 12.20 vitjar han organisasjonen Mental Helse sin hjelpetelefon i Duestien 12 i Skien, før han dreg vidare til organisasjonen sine lokaler på Frogn hovedgård. Kl. 17.00 talar statsministeren på eit utandørsarrangement ved Rjukan kino.

Onsdag 27. august er statsministeren i Oppland. Kl. 10.00 har han pressekonferanse saman med helseminister Gudmund Hernes, på Gjøvik sjukehus, før han møter tilsette og pasientar. Kl. 12.15 kjem han til kjøpesenteret CC, der han held appell. Kl. 15.00 vitjar statsministeren Høgskulen i Gjøvik sin avdeling på Brandbu, før han kl. 16.00 opnar Norsk Hydro sin biodieselstasjon på Jaren.

Torsdag 28. august kl. 18.00 deltek statsministeren i debattmøte i Ibsenhuset i Skien, med Kristeleg Folkeparti sin parlamentariske leiar, Kjell Magne Bondevik.

Fredag 29. august er statsministeren på Kongsberg. Kl. 10.00 vitjar han Tislegård barnehage saman med statsråd Sylvia Brustad. Kl. 12.05 kjem han til Kongsberg næringspark, til møte med dei tilsette og leiinga. Kl. 13.30 vitjar statsministeren Nymoen eldresenter. Kl. 15.00 møter han representantar for friviljuge kulturorganisasjonar, i Smeltehytta. Etter møtet vitjar han Skimuséet same staden.

Laurdag 30. august er statsministeren i Bærum og Oslo. Kl. 10.00 vitjar han Bekkestua eldresenter i Bærum, før han kl. 11.15 kjem til valkamparrangement på Bekkestua torg. Kl. 13.00 held statsministeren appell på Norsk Kommuneforbund sitt arrangement i "Spikersuppa" i Oslo.